



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ingrid Knotten Haugberg, 33371115

Resultatkartlegging av miljø- og skogbrukstiltak 2026

Vi viser til brev frå Landbruksdirektoratet datert 2. mars 2026, som er lagt ved, og økonomisystemet for skogordningane, ØKS, kor uttrekket av felt til kartlegging no er lagt inn. Vi er bedne av Landbruksdirektoratet om å formidle informasjonen i brevet vidare til kommunane.

Vi oppmodar kommunane sterkt til å gjennomføre resultatkartleggingane så snart snøen har smelta. Då er det lettare å sjå gran- og furuplantene, slik at kartlegginga vil verte av betre kvalitet og gå raskare å gjennomføre. Når resultatkartlegginga vert gjennomført tidleg på året, vil det dessutan gi rom for at skogeigar kan fylgje opp manglande forynging allereie i inneverande år.

Heimel for kommunen sine oppgåver

Etter skogbrukslova § 20 skal kommunen mellom anna føre tilsyn med at reglane i lova vert følgde og kontrollere at vedtak med heimel i lova vert gjennomført. Ei av oppgåvene kommunane har ansvar for, er oppfølging av foryngingsplikta etter skogbrukslova § 6. Resultatkartlegginga er ei innhenting av statistisk informasjon om forynging etter hogst og miljøomsyn ved skogbrukstiltak.

Informasjon om oppgåvene

I brevet frå Landbruksdirektoratet er det gitt informasjon om korleis kartleggingsfeltene er plukka ut, korleis kommunen kan finne fram til riktig felt og korleis kartlegginga skal gjennomførast. Meir detaljert informasjon og rettleiing ligg på [nettsida til Landbruksdirektoratet](#).

Registrering i feltappen SKART

Resultatkartleggingane skal registrerast i feltappen SKART. [Brukarrettleiing for SKART](#) ligg på Landbruksdirektoratet si nettside.

Ta kontakt med Statsforvaltaren ved behov for hjelp med tilgang til eller bruk av SKART.

Fristar

Vi råder, som nemnd, sterkt kommunane til å gjennomføre resultatkartleggingane tidleg om våren, før konkurrerende vegetasjon er i god vekst og medan det enno er lett å få auge på skogplantene.



Etter at kommunen har registrert alle kartleggingane i SKART og overført resultatene til ØKS, skal Statsforvaltaren gå gjennom alle felte. Vi ber om at kommunane gjennomfører og registrerer alle kartleggingane innan 30. september 2026.

Eigedomar eigd av kommune eller fylkeskommune

I saker kor kommunen eller fylkeskommunen er skogeigar, er Statsforvaltaren skogbruksstyresmakt, jf. skogbrukslova § 3 tredje ledd. Resultatkartlegging på slike eigedomar skal følgeleg gjennomførast av Statsforvaltaren.

Oppfølging etter resultatkartlegginga

Resultatkartlegginga er ei oppgåve som i utgangspunktet er slutført når feltet er sendt til Statsforvaltaren frå feltappen SKART. Det er likevel slik at kommunen gjennom resultatkartlegginga kan få informasjon som gjer at kommunen må følge opp foryngingsplikta hjå einiske skogeigarar. I ØKS ligg oversikt over alle resultatkartleggingane. Kommunen kan gå inn i sakene som er ferdigregistrert og overføre dei til «kontroll». Dei vil då verte synlege i lista over foryngingskontrollar i ØKS. Statsforvaltaren tilrår at alle saker kor foryngingsplikta ikkje er oppfylt på tidspunktet for resultatkartlegginga, vert overført til foryngingskontrollen, for vidare oppfølging av skogeigar.

Med helsing

Ingunn Haldorsen Sømme (e.f.)
direktør - landbruksavdelingen

Ingrid Knotten Haugberg
fagsjef skog og utmark

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Brev frå Landbruksdirektoratet til vidareformidling - resultatkartlegging - miljø- og skogbrukstiltak 2026

Mottakerliste:

Bamble kommune	Postboks 80	3993	LANGESUND
Drangedal kommune	Gudbrandsvei 7	3750	DRANGEDAL
Færder kommune	Postboks 250	3163	NØTTERØY
Fyresdal kommune	Klokkarhamaren 6	3870	FYRESDAL
Holmestrand kommune	Postboks 312	3081	HOLMESTRAND
Horten kommune	Postboks 10	3191	HORTEN
Larvik kommune	Postboks 2020	3255	LARVIK
Sandefjord kommune	Postboks 2025	3202	SANDEFJORD
Hjartdal kommune	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND
Tønsberg kommune	Postboks 2410	3104	TØNSBERG
Kragerø kommune	Postboks 128	3791	KRAGERØ
Kviteseid kommune	Kviteseidgata 13	3850	KVITSEID
Nissedal kommune	Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
Nome kommune	Ringsevja 30	3830	ULEFOSS
Notodden kommune	Postboks 193	3672	NOTODDEN
Porsgrunn kommune	Postboks 128	3901	PORSGRUNN
Seljord kommune	Brøløvsvegen 13 A	3840	SELJORD
Siljan kommune	Postboks 16	3749	SILJAN
Skien kommune	Postboks 158	3701	SKIEN
Tinn kommune	Postboks 14	3661	RJUKAN
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE
Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMARK